



## Vitnemål – fråtrekk av fråværsdagar

Opplæringslova § 2-11 seier:

### § 2-11. *Permisjon frå den pliktige opplæringa*

*Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.*

*Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

Kommentar til Opplæringslova § 2-11:

Denne paragrafen gjeld for alle elevar.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkje, har **rett til** permisjon.

Andre elevar/føresette kan dessutan søkje om permisjon og få innvilga denne når opplegget er forsvarleg. Denne type permisjon dreier deg ofte om feriereiser. Skulen vil presisere at det også for denne type permisjon kan søkjast om å trekkje fråværet frå på vitnemålet.

Det er ønskeleg å avgrense at elevar er borte frå skulen. Det vert understreka at foreldra overtek opplæringsansvaret når eleven har permisjon. I det ligg det at ein oppdaterer seg på arbeidsplanar og leksearbeid i permisjonstida. Ein permisjonsperiode skal ikkje gi meirarbeid for undervisningspersonalet.

Når eleven må ha fri for undervisninga:

- Kontaktlærer kan gi fri i inntil 2 dagar. Bruk meldingsboka.
- Ved permisjonar på 3 dagar eller meir skal søknad sendast skule i god tid. Bruk elektronisk søknadsskjema som de finn på [www.vindafjord.kommune.no](http://www.vindafjord.kommune.no)
- Rektor kan maksimalt gi fri i inntil 10 dagar.
- Om ein søkjer fri ut over 10 dagar må det sendast søknad til kommunen via rektor om å skriva eleven ut av skulen. I slike høve overtek føresette heile opplæringsansvaret for eleven.

Forskrift til Opplæringslova § 3-41 seier:

### § 3-41. *Føring av fråvær i grunnskolen*

*Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar.*

*Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.*

*Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.*

*Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.*

*For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:*

*a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar*

*b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.*

*For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.*

*Endra ved forskrift 7 juli 2010 nr. 1081 (i kraft 1 aug 2010)*

Kommentar til Opplæringslova § 3-41:

Det kan søkjast om fråtrekk av 10 fråværsdagar **for kvart skuleår** i ungdomsskulen.

**Det er foreldra sitt ansvar å søkje om fråtrekk av fråværsdagar.** Bruk skulen sitt søknadsskjema.

**1. mai er søknadsfrist.** Berre når fråværet skjer i mai og juni ser ein bort frå denne fristen.

Det kan **berre** søkjast om fråtrekk av fråværsdagar for **inneverande skuleår**.

Skjold skule, 22.april 2015

Berit Mortveit Listog  
rektor



Til Skjold skule, v/rektor

## **Søknad om fratrekk av fråværs dagar på vitnemålet**

Etter forskrift til Opplæringslova § 3-41 søker me med dette om fratrekk av fråværs dagar for

.....  
Namn elev

.....  
Klasse

.....  
Skuleåret

Sjukdom som varte meir enn 3 dagar. Legeerklæring må leverast.	Tal dagar:
Kronisk sjukdom. Legeerklæring må leverast.	Tal dagar:
Permisjon som er innvilga av skulen.	Tal dagar:

.....  
Stad/dato

.....  
Foreldre/føresette

Skulen sin uttale:

Skjold skule .....

Dato

Rektor

Dette er eit enkeltvedtak som kan pålagast av føresette etter forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt føresette har motteke enkeltvedtaket. Ein eventuell klage skal rettast til Vindafjord kommune, Skjold skule. Dersom kommunen ikkje finn å kunne omgjere vedtaket, eller gi klagar medhald, vil klagen bli sendt vidare til Fylkesmannen i Rogaland som er endeleg klageinstans.

